

Høyringsinnspel

Sak	Prosjekt Fagleg plattform, profil og strategi
Høyringsinstans (svarar)	Høgskolen i Bergen, Avdeling for ingeniør- og økonomifag
Prosess	Saka har vore sakshandla i avdelingsleiinga og på institutta. Det har resultert i dette høyringsinnspelet med 4 vedlegg.
Innspel	
Kap 3	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Prosjektgruppa ber om innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald.</i> I profilområde 1 (helse, omsorg og velferd) kan Avdeling for ingeniør- og økonomifag medverke frå ein teknologisk ståstad. Utviklinga syner ein aukande trend til bruk av teknologi for å løyse store velferdsoppgåver. Vi ser óg trong til å ta med diagnostisering som eit nøkkelord for HVL si verksemd. Sjå detaljert diskusjon i uttale frå bioingeniørutdanninga (vedlegg 1). Elles er og en uttale frå kjemingeniørutdanninga lagt ved (vedlegg 2). <p>I profilområde 3 (teknologi og sikkerheit) er det stor breidd i dei føreslegne profilelement. Ord som «teknologi» og «naturvitskap» er sær s omfattande, og kan i seg sjølve dekkje praktisk talt heile verksemda på avdelinga (sett bort frå øk-adm, som vert diskutert i profilområde 4). «Brannikkerhet» er t.d. eit mykje snevrare felt.</p> <p>Det er ikkje utan vidare lett å sjå samanhengen mellom «profilelementa» om dei identifiserte områda der HVL kan hevde seg nasjonalt eller internasjonalt. AIØ vil sjå det som ein fordel om ein kan identifisere noko meir spissa profilelement.</p> <ul style="list-style-type: none"> - <i>Det er no lagt inn ei kort omtale av dei ulike områda der prosjektgruppa har identifisert at HVL kan vere nasjonalt leiande og/eller ha særleg mulegheit for å lukkast internasjonalt. Dei ulike fagmiljøa blir no bedne om å kvalitetssikre omtalen og skrive eit (kort) avsnitt der dei skildrar på kva måte desse områda hevder seg (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet).</i> Det er naturleg å slå saman områda «Datateknologi» der HVL kan hevde seg nasjonalt og «Computer science» som eit område der ein vil lukkast internasjonalt. «Datateknologi» er brukt som den norske nemninga (saman med underpunkt) for ph.d-programmet som nyleg er akkreditert ved avdelinga, og det vil vere naturleg å bruke denne nemninga som overskrift på område der ein ønskjer å lukkast internasjonalt. AIØ har óg andre viktige teknologiske satsingsområde. Det kan vere grunn til vurdere «energi» som eit satsingsområde der ein vil hevde seg nasjonalt, medan «datateknologi» vert flytta til internasjonale område. <p>Forslag til oppdatert tekst om datateknologi som internasjonalt område, der ph.d-graden også er tatt med:</p> <p><i>«Datateknologi omhandlar alt frå utvikling av programvare og datasystem for tolking, analyse, lagring og bruk av data, via nettverk og kommunikasjon til sensor- og måleteknologi. Dette vert realisert i ulike datasystem i alt frå store datasentre til appar på smarttelefonar og nettbrett, som i aukande grad er grensesnitt for sluttbrukar. HVL har omfattande forskning på utvikling av</i></p>

	<p><i>programvare og har eit stort nettverk innan feltet, både med nasjonale og internasjonale forskingsinstitusjonar og med regionalt nærings- og samfunnsliv. Institusjonen har nyleg fått akkreditert ein ph.d-grad i feltet, og som fellesgrad med UiB har avdelinga ei særskilde vellukka mastergrad i programvareutvikling. Datateknologi er i ferd med å revolusjonere samfunnet innan fleire område, som helsesektoren, inkludert velferdsteknologi, industrielle prosessar og generell kommunikasjon.»</i></p> <p>- <i>På same måte ber prosjektgruppa om at ein skriv ei grunngiving (basert på til dømes breidde og omfang på fagmiljø og utdanningar, gjennomslagskraft i publisering og ekstern finansiering og utdanningskvalitet), dersom ein vil spele inn andre (og nye) område gjennom høyringa.</i></p> <p>Feltet energi er særskild viktig i samfunnet generelt, og i store deler av verksemda på Avdeling for ingeniør- og økonomifag. Det er òg eit av dei definerte satsingsområda i strategiplanen til avdelinga. I samarbeid med UiB har avdelinga etablert mastergradsutdanning i energi, der det i dag er aktivitet på avdelinga innan termiske maskinar, solcelleteknologi og elkraftteknikk, men òg mykje aktivitet retta mot olje- og gass-sektoren på fleire institutt.</p> <p>Innan profilområde 4 (innovasjon, entrepenørskap og berekraftig omstilling) har Institutt for økonomisk-administrative fag ei omfattande verksemd innan organisasjon og leing. Avdelinga ser det som naturleg at dette feltet blir fletta inn i dette tverrfaglege satsingsområdet, utan å endre namn på sjølve satsingsområdet. Sjå nærare diskusjon i innspel frå instituttet (vedlegg 3). Uttale frå Senter for nyskaping er òg lagt ved (vedlegg 4).</p>
<p>Kap 4</p>	<p>- <i>Prosjektgruppa ber om synspunkt på og innspel til gruppering, omgrepsbruk og innhald når det gjeld tverrfaglege satsingsområde</i></p> <p>AIØ sluttar seg til forslaga til tverrfaglege område. Poenget med slike område må vere at dei skal vere fakultetsovergripande. Det verkar kunstig å leggje spesiell vekt på lærarutdanning i punktet om IKT som «mulegheitsskapande» teknologi, særskilt sidan dei andre områda ikkje er knytte til fakultet. Som nemnt i teksten har HVL doktorgradsprogram i datateknologi (det burde ikkje vere naudsynt å ta med den engelske omsetjinga), knytt til AIØ, der bruksområde i helsesektoren allereie er sterkt fokusert. Det bør bli lagt større vekt på forskning innan IKT og bruk av IKT i teksten som definerer det tverrfaglege satsingsområdet.</p> <p>Forslag til ny tekst:</p> <p><i>HVL må ta i bruk moglegheitsskapande teknologi innanfor fleire fagfelt. Dette vert ei særskild viktig oppgåve. HVL har gode føresetnader for dette gjennom sterke fagmiljø innan datateknologi, kommunikasjon, IKT og læring. HVL har òg ei ph.d-utdanning i datateknologi som byggjer på bruk av IKT innan ulike fagfelt. Gode døme på slike område er modellering og simulering av fysiske fenomen og prosessar innanfor fleire ingeniørfag, innan helse- og velferdsfaga, der teknologiske hjelpemiddel i aukande grad blir tekne i bruk. IKT blir og nytta i kombinasjon med fagleg kompetanse i sentrale fag i lærarutdanningane. Bruk av IKT som moglegheitsskapande teknologi kan bli utvida til andre (profesjons-)utdanningar, særleg etter- og vidareutdanning. Det er stor trong for tverrfagleg innsats.</i></p>

<p>Kap 5</p>	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Korleis kan vi setje saman arbeidsgruppa som skal sjå på «strategisk fagleg utvikling og samkøyring av utdanningane ved HVL»?</i> AIØ sluttar seg til at ein bør opprette ei slik arbeidsgruppe. Det er viktig at alle fagområde (svarande til avdelingane i dag) og nærregionar er representerte i denne gruppa, og at både leiarar, administrasjon, fagtilsette og studentar er representerte i gruppa. - <i>Korleis skal ein sikre tilstrekkelege system og styringsgrunnlag, utan at det går på kostnad av faga si eigenart?</i> HVL blir ein stor organisasjon. Samordning er eit klart mål for fusjonen, samstundes som det må vere rom for interne skilnader, ikkje minst knytt til forskjellige fagtradisjonar. IT-system og rutinar bør i stor grad samkøyrast, medan aktivitetar som rekruttering av eksterne oppgåver og organisering av praksis nok framleis vil vere forskjellige mellom forskjellige fagområde og regionar.
<p>Kap 6</p>	<ul style="list-style-type: none"> - <i>Gir måla og operasjoniseringa grunnlag for styring og strategiutvikling?</i> - <i>Reflekterer måla og operasjoniseringa HVL sin profil?</i> HVL blir ein stor forskings- og utdanningsaktør på Vestlandet. Institusjonen står allereie sterkt i bachelorutdanning på ei rekkje felt, medan det framleis er trong for å styrkje aktiviteten på høgare nivå (master og phd). Det er viktig at fortsatt satsing på, og kontinuerleg forbetring av bachelorutdanningane får ein sentral plass i visjon og målformulering for HVL.
<p>Andre merknader</p>	